150-årsbok om Imsland kyrkje

Kyrkjejubileum fortel bygdehistorie

”Ei gammal kyrkje samlar gjerne bygdas eller byens historie som i eit brennpunkt.” Den nye jubileumsboka for Imsland kyrkje viser fram kor sant dette er. Bygdekyrkja har vore ein fellesnemnar for bygdehistoria. Gjennom å lesa soga om den 150 år gamle kyrkja i Imsland, lærer me mykje om dette lokalsamfunnet fram gjennom skiftande tider.

Målet til utgjevaren Imsland sokneråd og forfattarane Tomas Finnvik, Oddvar Haugland, Bodhild Hustveit, Theodor Imsland og Ingrid Marvik har då også vore å skriva om ”kyrkje og kristenliv i soknet gjennom tida”. Boka tar føre seg ”breidda av kristenlivet i bygda”. Historia blir aktualisert gjennom den opne forteljinga om kyrkja sin plass i Imsland-bygda og hjå imslandsbuen. Jubileumsboka fortel om dei ulike delkulturane som har levd side ved side i dette soknet med den frå gamalt sentrale strandstaden Imslandsjøen – lenge ein liten by i bygda.

I Imslandsjøen – midt i kyrkjesoknet – blei kyrkja bygd i 1861. Det var på den gamle kyrkjestaden i Imsland sokn, det eine av dei to såkalla anneksa i Vikedal prestegjeld. Soknekommunen Imsland bygde den nye kyrkje både godt og vel opp på eiga hand. Imsland-folket var vane med å fungera som eigen kyrkjelyd. Til dagleg greidde dei seg utan prest i sin midte. Kyrkjelivet har alltid vore annleis og meir sjølvbore i eit bygdesokn utan presten buande midt imellom folket enn i bygder med presten tronande på den største garden i bygda, prestegarden.

Det rådde optimisme i Imsland ved kyrkjebygginga. Oppgangen fall saman med skipsbygging og ”vervartid”. Dei største treskutene i landet fekk på denne tida kjølane sine strekte i omlandet til Imsland. Storverven Hogganvik låg ikkje langt frå Imslandsjøen. Heilt fram til Stavanger-finansane viste seg verdlause i kriseåret 1882, levde folket i fjordane godt i bra kår. Før krakket blei somme endå til kaksar i eiga bygd – også i Imsland skjedde det.

Boka om den 150 år gamle Imsland kyrkje fortel både om tida før og etter byggjeåret 1861. På same tid som boka følgjer det noverande kyrkjebygget fram mot våre dagar, grip bokskrivarane tilbake til dei første spor av kristentru og kyrkjeliv i Imsland. Dei fortel både om materielle gjenstandar som ennå er å sjå og om overleverte tradisjonar som framleis er å spora. Altertavla i Imsland-kyrkja har vore nøye undersøkt i jubileumsåret. Epitafiet over ”Peer Persens Salige Børn” blir også interessevekkjande omtalt i boka.

Forkynnarane blir framheva som formidlarar av ”Det virksomme Ordet”, for å vri om tittelen på ei bok om store politiske talar dei siste 200 åra frå 1814: ”Virksomme ord”. I bygder som Imsland var det orda til lekmannstalarane som lenge hadde størst verknad, sjølv om ein annan jubilant i år, diktarpresten Jens Zetlitz preika evangelisk i Imsland på same tid som Hans Nielsen Hauge drog gjennom bygdene. Forfattarane av Imsland-boka vil ha det til at Zetlitz beint ut hata Hauge.

Hauge-rørsla gav tidleg ordet til kvinnene. Alt i 1817 leia svigerinnene Mari Byrkjeland og Kristi Svantesvoll møte i ei løe i Imsland. Seinare kom Sven Foldøen til bygda, ein mann som i rørsla han skapte, gjerne heldt meir på ordet sjølv. Imsland opplevde vekking i vekevis medan Foldøen talte der i 1904. ”Kinafolket” markerte ei tid sin eigen delkultur i Imsland ved å halda seg borte frå kyrkja. I boka blir det elles halde fram at på mange måtar har bedehuskulturen seinare blitt så svekka i Imsland at ein er hamna i ein situasjon der ”kyrkja på nytt får mest heile ansvaret for alt kristeleg arbeid i bygda”.

Boka om kyrkje- og kristenlivet i Imsland er det lite å utsetja på. Eit kart og to hadde fått tydelegare fram at kyrkjesoknet Imsland har skifta i geografisk utstrekning og før hatt land på begge sider av Vindafjorden. Av og til saknar lesaren tilvisingar til annan litteratur og andre kjelder. Bileta på innsida av dei faste bokpermane skulle eg gjerne visst meir om. I utgangspunktet er det verdfullt at 150-årsboka no samlar opp stoff frå tidlegare 100- og 125-årshefte, men av og til kunne redigeringa vore sterkare. Elles gir det boka spenst at den tidlegare Vindafjord-ordføraren Oddvar Haugland frå Imsland som bokforfattar ikkje går av vegen for å gi Riksantikvaren nokre stikk om harde kyrkjebenker og motstand mot all bygningsmessig endring. Me får til og med vita at prestefrua i Vikedal orda frampå om at det laut byggjast ny kyrkje i Imsland sidan antikvaren ikkje ville føya seg.

Skal kyrkjebygningen knytast til bygdehistoria, bør framstellinga delast i tydelege periodar. I boka om Imsland kyrkje er det mange gonger tale om overgangar og endring. Historie dreier seg om å visa kor omskifteleg tida alltid har vore. Boka om Imsland kyrkje viser at i soga kastar folk og samfunn seg stadig om. I ei interessant kyrkje- og bygdesoge som dette, ville framstellinga tent på tydelegare periodeinndeling.

Historieboka om Imsland kyrkje viser at ei gamal kyrkje i dag faktisk kan fungera ”som samanbindande element for heile bygda, fordi ho sameinar religiøse funksjonar med kulturelle og historiske som til saman har ein sterk symbolverdi i høve til heile lokalsamfunnet”. Slik ordla historikaren Hans Try seg i 1986. Eg trur Try i 2011 ville ha understreka endå sterkare kor viktige kyrkjebygga både midt i storbyen og ute i småbygdene er for å binda folk, kultur og samfunn saman.

Nils Olav Østrem